

Kyrkjelyden ønskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane, fylt med fine opplevingar, erfaringar og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar vi på førehand kva vi kan vente av kvarandre.

Av dei tilsette i kyrkjelyden og konfirmantleiarar kan de vente at

* vi bryr oss om konfirmantane

* vi gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig

* vi saman med konfirmantane lagar god undervisning og flotte aktivitetar

* vi sender ut informasjon i god tid og held nettsidene kontinuerleg oppdaterte

* vi svarar på e-post og telefon

Av deg som konfirmant ventar vi at

* du deltek i all undervisning og alle aktivitetar

* du deltek i minst åtte gudstenester i konfirmanttida

* du møter presis til timane og har med bibel og konfirmantperm

* du tek att fråvær med ekstratime eller oppgåveløysing

* du utfører ei anna oppgåve i kyrkjelyden dersom du ikkje møter på fasteaksjon


Av dykk som føresette ventar vi at

* de møter på foreldremøta

* de leverer dokumentasjon og informasjonsskjema innan dei oppsette fristane

* de sender skriftleg melding til kateketen på førehand dersom konfirmanten må vere borte frå ein del av opplegget

* de følgjer opp og støttar konfirmantane. Gudstenestene som inngår i konfirmantopplegget, er opne for alle, og de er hjarteleg velkomne.



STØRST AV ALT
TRU • HÅP • KJÆRLEIK



DEN NORSKE KYRKJA
Meland kyrkjelyd

Konfirmasjonstida i Meland kyrkjelyd

KONFIRMANT
2017



EI VIKTIG TID – EIT VIKTIG VAL!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje få nye venner! Saman skal vi utforske: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Vennskap og menneskeverd. Sorg og glede. Mote og mobbing. Kjærleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg vere noko for andre? Kven er Jesus? I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Det er ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan tyde både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønnshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar einskild konfirmant. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, og lære om korleis ein lever som kristen.

UNDERVISNING

Undervisninga skjer på mange forskjellige måtar. Som konfirmant deltek du på fellessamlingar, gudstenester, aktivitetar/klubbar og ein innsamlingsaksjon. I tillegg vel du eit av to undervisningsopplegg:

Alternativ 1: Leiropplegg. Undervisningsleir i sommarferien i tillegg til samtalegrupper heime hos folk i kyrkjelyden (heimegrupper)

Alternativ 2: Filmopplegg. Undervisningssamlingar der vi mellom anna ser film som tek opp tema som vi skal lære om i konfirmanttida.

PRAKTISK INFORMASJON

I Meland kyrkje har vi konfirmasjon på hausten. Det gjer at konfirmasjonsåret vil sjå omtrent slik ut:

Oktober: Du får informasjon om påmelding i posten, og vi har ei samling med informasjon om opplegget vårt

November: Frist for påmelding

Desember-juni: Nokre fellessamlingar, innsamlingsaksjon, heimegrupper, aktivitetar og gudstenester. Filmkonfirmantane har også undervisning i denne perioden.

Sommaren: Undervisningsleir og ei heimegruppesamling for dei som har valt dette alternativet. Undervisning for filmkonfirmantane. For alle: samtalegudsteneste førebudd av konfirmantane.